



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Smia i Hornindal
Dato: 02.12.2020
Tid: 13.00 – 15.12.

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solfrid Førde	Leiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Inger Gjengedal Håvik	Medlem	
Inghild Remøy	Medlem	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Inge Alexander Bruheim	Nestleiar
Pål Ruben Seljeset Tomasgard	Medlem

Vara som møtte:

Namn	
Rasmus Kirkhorn	Inge Alexander Bruheim
Eva Solvang Brune	Pål Ruben Seljeset Tomasgard

Frå Vest Kontroll/ andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon og Vestland Revisjon KO møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor/registrert revisor
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Jarl Martin Møller	Kommunalsjef for samfunnsutvikling.

SAKLISTE

- SAK 49/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 50/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 51/20 MELDINGAR
- SAK 52/20 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 53/20 ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. NOVEMBER 2020
- SAK 54/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – SAMFUNNSUTVIKLING
- SAK 55/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – HELSE OG OMSORG
- SAK 56/20 BESTILLING AV FORVALTNINGSPROSJEKT
- SAK 57/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
49/20	033	11.11.2020	02.12.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 55 vert utsett til neste møte. Sak 54 vert å ta etter sak 50.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jørgen Holte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
50/20	049	11.11.2020	02.12.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 23.10.2020.

Vedlegg

Møteprotokoll frå møta 23.10.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
51/20	033&17	19.11.2020	02.12.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Årsmelding 2019 Søre Sunnmøre Barnevernssamarbeid.
2. E-post, av 29.10.2020. Informasjon frå Volda kommune om korleis dei jobbar med tilsynsrapporten.
3. Utskrift av møteprotokollen frå kontrollutvalet i Sande kommune.
4. Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2019.
5. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020. Bernt svarer «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».
6. Frå bladet kommunal økonomi nr. 8, 2020. «Nye internkontrollregler gjelder fra 1. januar 2021».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
52/20	033&58	24.11.2020	02.12.2020	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside -

<https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan> og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Byggenemnda:	14.09	26.10		
Eldrerådet:	07.09	16.11		
Formannskapet:	06.10	20.10	10.11	17.11
Kommunestyret:	24.09	05.11		
Partsamansett utval:	17.06			
Råd for likestilling av msk. med nedsett funksj:	07.09	16.11		
Sakkyndig nemnd, eigedomsskatt:	29.09			
Tenesteutval for forvaltning og utvikling:	01.09	13.10	17.11	
Tenesteutval for helse og omsorg:	03.09	15.10	19.11	
Tenesteutval for oppvekst og kultur:	09.09	14.10	11.11	
Ungdomsrådet:	16.09	18.11		
Valstyret:	15.09			
Valutval:	24.09			
VØR styret:	29.09			
VØR representantskapet:	17.09			

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
53/20	216	19.11.2020	02.12.2020	KS

ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR. NOVEMBER 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orientering om løpande revisjon pr. november 2020 til vitende.

I møtet

Oppdragsansvarleg revisor for finansiell revisjon Haldis Moltu orienterte om status.

Saksopplysningar

Oppdragsansvarleg revisor Haldis Moltu frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon kommunerevisjon orienterer om løpande revisjon pr. november 2020 i møtet 02.12.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
54/20	030&18	20.11.2020	02.12.2020	KS/JS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – SAMFUNNSUTVIKLING

Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for samfunnsutvikling til vitende.

I møtet

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte og svara på spørsmål, bl.a. ved PowerPoint. Denne vil følgje saka vidare og vert å legge ut på saka i heimesida. Ca 90 årsverk sektoren.

Saksopplysning

Kommunedirektør v/ Kommunalsjef for samfunnsutvikling Jarl Martin Møller er kalla inn for å gi ei orientering om sektor for samfunnsutvikling, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunalsjef for samfunnsutvikling.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
55/20	030&18	23.11.2020	02.12.2020	KS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – HELSE OG OMSORG

Samrøystes innstilling

Saka vert utsett til neste møte.

Saksopplysning

Kommunedirektør v/ Kommunalsjef for helse og omsorg Svein Berg-Rusten er kalla inn for å gi ei orientering om sektor for helse og omsorg, samt svare på spørsmål.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille kommunalsjef for helse og omsorg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
56/20	217	26.11.2020	03.12.2020	JS

BESTILLING AV FORVALTNINGSPROSJEKT

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide forvaltningsprosjektet Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, jf. Prosjektplan, med levering hausten 2021.

Vedlegg

1. Vedlikehald kommunale bygg. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon. Datert 27.11.2020.
2. Kommunestyresak 140/20.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet fekk i kommunestyresak 140/20 Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap, fullmakt til vedtak prioritetsrekkefølge for utføring av ulike prosjekt. Ut frå tidlegare diskusjonar i utvalet bør første prosjektet vere Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg.

Vi har difor bede Søre Sunnmøre kommunerevisjon utarbeide prosjektplan for ei slikt prosjekt, sjå vedlegg 1.

Kommunestyresak 140/20 vart behandla i kommunestyret 26.11.2020. Vedtaket er i samsvar med kontrollutvalet si innstilling får ein opplyst. Utskrift er pr. dato ikkje tilgjengeleg. Saka utan vedlegg ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
57/20	217	26.11.2020	02.12.2020	JS

PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram sak for eigarskapsstyring innan 30.06.2021, basert på «Anbefalingar om eierskap, selskapsledelse og kontroll» frå KS.
3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

Vedlegg

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kapittel 8 frå Overordna analyse utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
3. KS Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll. Utgitt 25.11.2020.
4. Kommunestyresak 134/20.

Saksopplysningar

Viser til forslag til plan som ligg ved.

Viser også til kommunestyresak 134/20 som er til behandling i kommunestyret i dag, 26.11.2020 som ligg ved som vedlegg 4 (saka utan vedlegg).

Møtet slutt.

Solfrid Førde
Leiar

Jørgen Holte
Medlem

Møteprotokollen går til: **Kommunestyret som melding**
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte